

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger



Att: Øystein Hunvik.

Aurland, 22. desember 2016.

Miljøomsyn ved søknad om ruteløyve på Aurlands- og Nærøyfjorden – krav til handsaming.

Syner til felles møte hjå Dykk den 6. desember då. samt Dykkar oppsummering frå nemnde møte dagsett 9. desember så.

Når det gjeld referatet, så vil vi leggje til - som påpeika av advokat Roberts i møtet – at det ikkje vil vere usakleg forskjellsbehandling dersom ein konsekvent endrar praksis framover i tid, slik at det blir vurdert og eventuelt stilt vilkår om miljøkrav til ruteløyve. Det er ikkje slik at Fylkeskommunen er avskoren frå å stille miljøkrav framover fordi om ein ikkje tidlegare har stilt krav om dette knytta til ruteløyve.

Med tilvising til referatet finn vi også grunnlag for å tydeleggjere Verdsarvparken sin bodskap med omsyn til fylkeskommunen sitt *ansvar og plikter* i høve til uttøving av mynde etter yrkestransportlova spesielt og verdsarvstatusen generelt.

Det er på det reine at det er høve til å stille miljøkrav i samband med tildeling av løyve til rutetransport for å drive passasjertrafikk på fjordane i Norge. Dette fylgjer av ordlyden i yrkestransportlova § 11, det generelle høvet forvaltninga har til å stille vilkår til forvaltningsvedtak, Grunnlova §112 og miljørettslege prinsipp. Vilkåra må vera saklege (formålmessige) og forholdsmessige. – jfr. notat utarbeidd av adv. firm. Selmer v/ Roberts.

Vi noterte oss at det var semje om dette.

Frå Verdsarvparken si side vart det peika på at Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjorden sin status som verdsarv ytterlegare tilseier at miljøpåverknad og miljørekneskap må inngå som premiss i vurderinga av desse sakene. Mot dette viste fylkeskommunen til kapasitetsomsyn og at det ikkje ligg føre nokon instruks som tilseier at samferdsleavdelinga har noko ansvar for nasjonalstaten Norge sine plikter andsynes Verdsarvkonvensjonen.

Nærøyfjorden Verdsarvpark gav uttrykk for fylgjande forventningar til vidare oppfylgging frå fylkeskommunen si side:

- Nærøyfjorden Verdsarvpark vert invitert til å halde ei orientering på eitt av samferdsleutvalet sine møter i 1. kvartal 2017.
- Miljøomsyn vert teke inn som eit fast drøftingspunkt i framtidig handsaming av saker etter yrkestransportlova.
- I samband med tildeling av nye løyve eller ved fornying av eksisterande løyve bør det – *som minimum* - takast atterhald om at vilkåra kan bli endra i 10 - årsperioden. Det bør kommuniserast ope at ein sett i eit 10 års perspektiv bør kunne ha utvikla eit langsiktig berekraftig, sakleg og forholdsmessig løyveregime som balanserar mellom




ulike former for fjordturisme, strekker seg mot nullutslepp til luft og vatn og set grenser mot fart, bylgjeproduksjon, utvasking og støy.

Til slutt vil vi understreke at Nærøfjorden Verdsarvpark si oppgåve er å drive fram prosessar som medverkar til kunnskap og konsensus mellom ei breidde av aktørar som deltek i partnerskapet.

I dette ligg at Verdsarvparken vil tilstreve dei ideelle løysingane medan det er dei forskjellige partnerane som i dialog og med utgangspunkt i si definerte rolle forvaltningsmessig eller privatrettsleg vil legge premissane for det framtidige løyveregimet.

Verdsarvparken kan såleis ikkje sjå korleis samferdsleutvalet kan unnlate å ta omsyn til internasjonale, nasjonale og fylkesmessige føringar som fylgjer av Norge si ratifisering av Verdsavkonvensjonen.

Med venleg helsing



Erling Oppheim
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Notat dagsett 1. juni då. utarbeidd av adv. firm. Selmer.

Kopi:

- Samferdsleutvalet i Sogn og Fjordane.
- Samferdselsdepartementet.
- Klima- og miljødepartementet.
- Miljødirektoratet.
- Hans Erik Ringkjøb, leiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.
- Sogn Avis.
- NRK Sogn og Fjordane.